



Voss, 7. mars 2023.



Månadsbrev nr 7/2022-2023 (mars)
Av Distriktsguvernør
Odd Henry Hommedal

Kjære Rotaryvener!

Guvernørbesøk i klubbane.

7. september 2022 gjennomførte eg mitt første klubbbesøk i Bergenhus Rotaryklubb og 20. februar i år var det i Nordhordland Rotaryklubb som fekk besøk av Guvernøren, som den siste i rekkja på 43 klubbar.

Etter besøk i alle klubbane i distriktet vårt sit eg igjen med rike opplevingar. Rundreisa har vore ei svært hyggeleg og interessant oppleving og eg har utelukkande møtt hyggelege og engasjerte Rotarianarar.

Mi erfaring er at dei aller fleste klubbane jobbar med gode prosjekt både lokalt og internasjonalt. Klubbane i distriktet er ulike og det er flott, for eit av verdenspresidenten sitt fokusområde er, ja nettopp, Mangfold.

I mitt foredrag til klubbane har eg sett fokus på nokre område som eg meianar er viktige for framtida for Rotary og distriktet:

- Medlemsverving og ta vare på medlemmane.
- Samarbeid mellom klubbar og andre organisasjonar
- Marknadsføring av Rotary i lokalmiljøet
- Sosialt felleskap – det skal vera kjekt å vera med i Rotary



Bergenhus Rotaryklubb



Nordhordland Rotaryklubb

Eg ser allereide at mange klubbar har teke mine oppfordringar på alvor og er i full gang med ulike tiltak i samsvar med målsettingane. Medlemstalet har siste månaden auka for første gong på mange år. Det er ein positiv trend rundt i distriktet og i landet.

Takk til Kjell Andreas, Geir, Bjørn, Kristin, Nils Tore og Renate som er Assisterande Guvernørar som har vore med rundt i klubbane og bidratt til at klubbbesøka vart ein suksess. Takk til klubbane som tok så godt imot oss og lukke til med det vidare arbeidet.

President Elect Training Seminar (PETS)

Denne helga, 10.-12. mars, er Innkomande Presidentar samla på Bryne på PETS. Her blir viktig informasjon om Presidentenrollen formidla. Årets Pets blir i større grad enn tidlegare gjennomført som gruppearbeid med erfarne Rotarianere som trenarar.

Det er viktig at påtroppande Presidentar startar tidleg å planlegge sitt Presidentår. Ikkje vent til 1. juli, det er for seint. Lag ein plan for ditt år. Lag forslag til komitèar og styre, og set opp budsjett for ulike tiltak, prosjekt og mål for klubben.

Shelterbox til jordskjelvfra i Tyrkia og Syria.

Responser frå klubbane har vore usedvanleg god etter at eg oppmoda om å bidra til Shelterbox sitt arbeid i dei jordskjelvråka områda i Tyrkia og Syria.

Over 30 klubbar i vårt distrikt har hittil sendt bidrag til Shelterbox og summen nærmar seg 500.000 kroner. Det er formidabelt.

Budsjett og økonomi.

I samband med PETS blir det arrangert Distriktssamling. Her skal Innkomande Presidentar drøfta og vedta budsjettet for Distriktet for komande år.

Alle dei 6 distrikta i Norge opplever auka kostnader og har problem med å gjennomføra planlagde aktivitetar fordi det blir for kostbart. Spesielt er det reise og opphaldsutgiftene som har tatt av.

Styret i vårt distrikt har forlengst starta arbeidet med å gå igjennom dei ulike utgiftspostane, for å sjå kva tiltak og endringar som kan gjerast for å spare pengar.

I framtida blir det nok nødvendig å gjennomføra fleire møter og samlingar digitalt. Det vil redusera kostnadane mykje.

I Norfo (Norsk Rotary Forum eller Rotary i Norge) er me også i gang med tilsvarande gjennomgang av utgiftspostane, for å unngå at kontingenten må aukast.